

# Eksamen

27. mai 2016

DRA2005

Teater i perspektiv 1

**Programområde:** Musikk, dans, drama

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verkøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderinga</b>	Det er kompetansemåla i læreplanen som seier kva kompetanse det er venta at du viser til eksamen. Læreplanen i faget finn du på <a href="http://www.udir.no/Lareplaner/Finn-lareplan/">www.udir.no/Lareplaner/Finn-lareplan/</a>
<b>Andre opplysningar</b>	Ingen

Svar på ei av oppgåvene.

## Oppgåve 1: Teateret i mellomalderen

- Peik på typiske trekk ved teaterformer i mellomalderen frå liturgi til profant teater<sup>1</sup>. Ta for deg innhald, form, dramaturgi, språk og funksjon.
- Forklar og vis ved døme korleis folkelege teaterformer og kyrkjespel utvikla seg og levde side om side i mellomalderen, og peik på moglege utgangspunkt for opphavet til desse formene.
- Drøft drag i samfunnet som vert spegla av i desse uttrykksformene.

## Oppgåve 2: Teateret i England i renessansen

- Peik på typiske drag ved teateret i det engelske renessansesamfunnet. Ta for deg teateret si rolle og sin posisjon samt forfattarar og dramatikkk, framføringar og teaterbygningar/scene.
- Forklar og vis ved døme frå eitt eller fleire skodespel du kjenner til av Shakespeare, korleis rollefigurane hans er individualiserte og knytt til samtida hans, men samstundes uttrykkjer universelle kjensler.
- Drøft i kva grad det kan seiast at renessansteateret etterfølgjer ideala frå antikken.

---

<sup>1</sup> \*liturgi: (frå gresk) gudstenesteordning, messeordning, ritual for religiøse handlingar

\*profan: (frå latin) *profanus*, eig. *pro fanum*, foran, dvs. utanfor tempelet, verdsleg (i mots. til kyrkjeleg)

## **Kompetansemål som ligg til grunn for oppgåvene**

- Presentere utvalde teaterhistoriske epokar med vekt på form, uttrykk og posisjon ved teateret.
- Drøfte historiske og kulturelle føresetnader for ulike teateruttrykk
- Presentere ein analyse av eit skodespel ved hjelp av teaterteoretiske omgrep
- Presentere og drøfte definisjonar, omgrep, metodar og retningar i teateret si utvikling.

## **Kriterium for vurdering og kjenneteikn på måloppnåing**

### **1. Teaterhistorisk kunnskap**

Eleven kan gjere greie for teaterhistorisk utvikling, teoriar, faglege omgrep og emne

### **2. Teaterhistorisk forståing**

Eleven kan analysere og reflektere over årsaker til utvikling og endring, og grunngje synspunkta.

### **3. Evne til refleksjon og drøfting**

Eleven kan presentere og vurdere ulike sider i ei fagleg problemstilling, grunngje og konkludere når det gjeld eigen argumentasjon.

## Kjenneteikn på måloppnåing

Teater i perspektiv 1		
Karakteren 2	Karakteren 3 og 4	Karakteren 5 og 6
gjev att noko kunnskap om teaterhistorie, teoriar, omgrep og emne	viser god kunnskap om teaterhistorie, teoriar, omgrep og emne	nyttar relevant kunnskap, utdjupar og reflekterer på sjølvstendig grunnlag sentrale trekk ved teaterhistorisk utvikling, teoriar, faglege omgrep og emne
gjev att nokre særtrekk ved ein teaterhistorisk epoke og utvikling	viser kunnskap, forklarar og reflekterer over teaterhistoriske emne, epokar og utvikling	analyserer, tolkar og samanliknar årsaker til utvikling og endring i teaterhistoria ut ifrå ulike innfallsvinklar
gjev att nokre særtrekk ved dramatikarar og iscenesettingar	samanliknar og reflekterer over særtrekk ved dramatikarar og iscenesettingar	samanliknar og gjer geie for bruken av verkemiddel i teori og praksis for dramatikarar og iscenesettingar
gjev att innhald og gjev døme på nokre kjende skodespel	gjev att innhald, gjer greie for og har ei grunngeve meining om kjende skodespel og kva dei har betydd i utviklinga av teateret	analyserer og reflekterer over forholdet mellom tekst og teater i teateret si utvikling
fortel om og gjev uttrykk for eigne meiningar om einskilde faglege emne og årsaker til utvikling	presenterer eit breitt spekter av faglege emne og reflekterer over årsaker til utvikling	presenterer på ein sjølvstendig måte relevant og variert fagstoff og årsaker til utvikling
grunngeve til ein viss grad eigne meiningar	drøftar problemstillingar, og grunngeve eigne meiningar	drøftar og konkluderer gjennom sakleg grunngeve argumentasjon
gjev att informasjon frå nokre kjelder	nyttar relevant informasjon frå ulike kjelder	finn, reflekterer over og nyttar relevant informasjon frå eit utval av kjelder på ein formålstenleg måte

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.  Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderingen</b>	Det er kompetansemålene i læreplanen som sier hva slags kompetanse det er ventet at du viser til eksamen. Læreplanen i faget finner du på <a href="http://www.udir.no/Lareplaner/Finn-lareplan/">www.udir.no/Lareplaner/Finn-lareplan/</a>
<b>Andre opplysninger</b>	Ingen

Svar på en av oppgavene.

## Oppgave 1: Middelalderens teater

- Pek på typiske trekk ved middelalderens teaterformer fra liturgi til profant teater<sup>1</sup>. Ta for deg innhold, form, dramaturgi, språk og funksjon.
- Forklar og vis ved eksempler hvordan folkelige teaterformer og kirkespill utviklet seg og levde side om side i middelalderen, og pek på mulige utgangspunkt for formenes opprinnelse.
- Drøft hvilke trekk i samfunnet som gjenspeiles i disse uttrykksformene

## Oppgave 2: Renessansens teater i England

- Pek på typiske trekk ved teateret i det engelske renessansesamfunnet. Ta for deg teatrets rolle og posisjon, forfattere og dramatik, fremføringer og teaterbygninger/scene.
- Forklar og vis ved eksempler fra ett eller flere skuespill du kjenner til av Shakespeare, hvordan hans rollefigurer er individualiserte og knyttet til hans samtid, men samtidig uttrykker universelle følelser.
- Drøft i hvilken grad det kan sies at renessanseteatret etterfølger antikkens idealer.

---

<sup>1</sup> \*liturgi: (fra gresk) gudstjenesteordning, messeordning, ritual for religiøse handlinger

\*profan: (fra latin) *profanus*, eg. *pro fanum*, foran, dvs. utenfor tempelet, verdslig (i mots. til kirkelig)

## **Kompetansemål som ligger til grunn for oppgavene**

- Presentere utvalgte teaterhistoriske epoker med vekt på teaterets form, uttrykk og posisjon
- Drøfte historiske og kulturelle forutsetninger for ulike teateruttrykk
- Presentere en analyse av et skuespill ved hjelp av teaterteoretiske begreper
- Presentere og drøfte definisjoner, begreper, metoder og retninger i teaterets utvikling

## **Kriterier for vurdering og kjennetegn på måloppnåelse**

### **1. Teaterhistorisk kunnskap**

Eleven kan gjøre rede for teaterhistorisk utvikling, teorier, fagbegreper og emner

### **2. Teaterhistorisk forståelse**

Eleven kan analysere og reflektere over årsaker til utvikling og endring og begrunne sine synspunkter



### **3. Evne til refleksjon og drøfting**

Eleven kan presentere og vurdere ulike sider i en faglig problemstilling, begrunne og konkludere i forhold til egen argumentasjon.



## Kjennetegn på måloppnåelse

<b>Teater i perspektiv 1</b>		
<b>Karakteren 2</b>	<b>Karakteren 3 og 4</b>	<b>Karakteren 5 og 6</b>
gjengir noe kunnskap om teaterhistorie, teorier og begreper og emner	viser god kunnskap om teaterhistorie, teorier og begreper og emner	bruker relevant kunnskap, utdyper og reflekterer på selvstendig grunnlag sentrale trekk ved teaterhistorisk utvikling, teorier, faglige begreper og emner
gjengir noen særtrekk ved en teaterhistorisk epoke og utvikling	viser kunnskap, forklarer og reflekterer over teaterhistoriske emner, epoker og utvikling	analyserer, tolker og sammenlikner årsaker til utvikling og endring i teaterhistorien ut fra ulike innfallsvinkler
gjengir noen særtrekk ved dramatikere, og iscenesettelser	sammenlikner og reflekterer over særtrekk ved dramatikere, og iscenesettelser	sammenligner og gjør rede for bruken av virkemidler i teori og praksis for dramatikere, og iscenesettelser
gjengir innhold og gir eksempler på enkelte kjente skuespill	gjengir innhold, gjør rede for og har en begrunnet mening om kjente skuespill og deres betydning i teatrets utvikling	analyserer og reflekterer over forholdet mellom tekst og teater i teatrets utvikling.
forteller om og uttrykker egne meninger om enkelte faglige emner og årsaker til utvikling	presenterer et bredt spekter av faglige emner og reflekterer over årsaker til utvikling	presenterer relevant og variert fagstoff og årsaker til utvikling på en selvstendig måte
begrunner til en viss grad egne meninger	drøfter problemstillinger, og begrunner egne meninger	drøfter og konkluderer gjennom saklig og begrunnet argumentasjon
gjengir informasjon fra enkelte kilder	bruker relevant informasjon fra ulike kilder	finner, reflekterer over og bruker relevant informasjon fra et utvalg av kilder på en hensiktsmessig måte



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)